



Arkivnr: 2014/11266-34

Saksbehandlar: Snorre Waage

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		23.01.2018
Fylkesutvalet		01.02.2018

## Planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda. Vedtakshandsaming.

### Samandrag

Fylkeskommunane i Buskerud, Telemark og Hordaland vedtok i august 2017 å legge planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda ut på høyring og offentleg ettersyn. Høyringa er no gjennomført og Hardangerviddarådet har drøfta høyringsinnspela. Rådet anbefaler nokre mindre endringar. Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet å følgje opp Hardangerviddarådet sine tilråingar, jfr. revidert versjon datert 7. november 2017.

### Økonomiske konsekvensar

Endringane i forhold til høyringsutgåva gjer ingen store økonomiske konsekvensar.

### Folkehelse

Friluftsliv og ferdsel på Hardangervidda, i berekraftig samspel med villreinen sine behov, er ein vesentleg del av den regional planen. Planarbeidet ønskjer med dette å legge til rette for ein aktiv og tilpassa bruk av fjellheimen, som er positivt i eit folkehelseperspektiv.

### Miljømessege konsekvensar

Regional plan for Hardangervidda inneheld føringar som skal vere positive for miljøtilstand og leveområdet for villreinen på Hardangervidda. Endringane i forhold til høyringsutgåva gjev ingen store miljømessege konsekvensar.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet fastsett med heimel i plan- og bygningslovens §8-3 planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda, datert 07.11.2017.
2. Det vert forutsatt likelydande vedtak i Telemark fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 2017.11.07\_Planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda
- 2 Notat med oppsummerande høyringsuttalar\_Planprogram\_Rullering Regional plan for Hardangervidda\_27.10.2017

## Fylkesrådmannen, 08.12.2017

### **Bakgrunn**

Regional plan for Hardangervidda vart vedteken i 2011. Denne planen skal nå rullerast. Arbeidet vert gjennomført med Hardangerviddarådet som styringsgruppe. Hardangerviddarådet består av ordførar eller ein annan sentral politiskar frå kvar av dei ni kommunane og representantar frå fylkesmennene, villreinnemnda og fylkestinga.

Hardangerviddarådet drøfta og samla seg om forslag til høyringsversjon av planprogram i møte 29. juni 2017. Fylkesutvala i Buskerud, Telemark og Hordaland vedtok høyring og offentleg ettersyn av dette forslaget i sine møter 23. og 24. august 2017. Høyringsfristen ble satt til 15. oktober 2017.

Høyringa vart kunngjort i aktuelle lokale aviser (Hardanger Folkeblad, Hordaland, Haugesund avis, Rjukan Arbeiderblad, Vest-Telemark Blad, Hallingdølen og Laagendalsposten) og brev/e-post ble sendt aktuelle høyringsparter i de tre fylka. Informasjon om høyringa ble også lagt på aktuelle nettsider.

Det kom inn 41 fråsegner frå kommunar og andre offentlige instansar, frå ulike organisasjonar og frå private. Vedlagt saka ligg alle høyringsfråsegna og eit notat datert 27.10.2017 som sumerar og vurderer kvart enkelt høyringsinnspel.

Svært mange av fråsegna fokuserer på konkrete planspørsmål og planløysingar knytt til problemstillingar som skal tas opp i sjølve rulleringa. Dette betyr at vi i høyringa har fått ei rekke innspel og synspunkt som vert viktige i sjølve planprosessen, mens få innspel gjer grunnlag for endringar av sjølve planprogrammet.

Med bakgrunn i høyringa rår Hardangerviddarådet likevel nokre mindre endringar og presiseringar knytt til:

- tydeleggjing av kvalitetssikring i pågåande interne evaluering (s. 6)
- tydeleggjing av utfordringane knytt til CWD/Skrantesjuke (s. 8 og 14)
- oppdatering om landbruksretteljar (s. 8)
- tydeliggjøring av ekstern medverknad i planprosessen (s. 19)
- at Isdalen i Eidfjord i kapittel 3.1 (s. 11) vert nemnd som et område der arealbruken skal drøftast.

Bruken av «Vågslid» og «Torvetjønn» (s. 10) er etter administrativ dialog med Vinje kommune endra til Rukkemo/Torvetjønn og er med det i samsvar med Vinje kommune sine ønsker. Elles er det berre mindre redaksjonelle endringar.

Etter innspel frå turistforeningane rådde prosjektleiar Hardangerviddarådet til å omtale Søndre Nordmannsslepa i planprogrammet. Hardangerviddarådet drøfta dette og konkluderte med at det ikkje burde nemnast spesielt. Rådmannen rår til å følge Hardangerviddarådet.

Vedlagte planprogram, datert 07.11.2017, er revidert i medhald av Hardangerviddarådet sine konklusjonar. Alle endringar i forhold til høyringsutgåva er markert med gult.

### Heimelsgrunnlag / rettsreglar

Plan- og bygningslovens §4-1 om planprogram og §8-3 om utarbeiding av regionale planar gjer det formelle grunnlaget for planarbeidet. Målet med planprogrammet er å gje rammar for sjølve planarbeidet, både for prosess og for innhald.

### Alternative løysingar

Det er mogleg å trekke andre konklusjonar om innhald i planprogrammet med bakgrunn i høyringa. Rådmannen meiner Hardangerviddarådet sine konklusjonar bør følgjas opp.

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å fastsette vedlagte forslag til planprogram.